

## Inviterer til workshop om reiseliv

Gode Sirkclar vil invitere nøkkelaktørar til ein workshop om Kysteventyret. Men først er det høgsesong for reiseliv og Fiskarbondens Marknad.

Styret i Gode Sirkclar ønskjer å invitere nøkkelaktørar i reislivsnæringa, samt Bergen Reiselivslag og den politiske leiinga i Fjell, Sund og Øygarden, til ein workshop etter sommaren. Føremålet er å finne gode løysingar på korleis Kysteventyret skal posisjonere seg i ei felles organisering med Bergen Reiselivslag.

Signala frå Hordaland Fylkeskommune går i retning av at Kysteventyret kan få ei rolle når det gjeld kysttema, og at Kysteventyret skal bidra til utviklingen av kysttemaet for fleire kystkommunar enn Fjell, Sund og Øygarden.

Gode Sirkclar ønskjer å ta ein proaktiv rolle for å få til dette.

- Vi vil få fram moglegheitene som ligg i dette gjennom ein slik workshop, og forankre ideane, seier dagleg leiar Sigmund Kvernes.
- Workshopen handlar om kva for ståstad reiselivet i regionen Sotra og Øygarden skal ha i ei ny,



større organisering. Det er særst viktig at vi klarer å mobilisere og at alle nøkkelaktørar er med, slik at vi sikrar ei god posisjonering av Kysteventyret i Bergen Reiselivslag, seier prosjektleiar Line Steinsland Mosnes.

Mellombels går reiselivsnæringa inn i høgsesongen med sommarturisme, og Kysteventyret blir drive vidare med dei små ressursane ein har, opplyser Kvernes. Laurdag 1. juni samlar 11 mat- og handverkaktørar seg på Fiskarbondens Marknad i Sartor Storsenter. Her kan du til dømes kjøpe lokalproduserte trekassar til å plante blomar i, handlaga sko, klippfisk, sveler, lynghonning frå Sotra og andre godbitar, strikkeprodukt, handmala silkeskerf, vugger, postkort og bilete frå regionen,

### Nytta Vekstivalen til profilering

To av tre studentar (av 30) som deltok i ein uhøg-tideleg spørjekonkurranse i regi av Gode Sirkclar og Vest Næringsråd under Vekstivalen, Noregs største rekrutteringsfestival, svarta at dei kunne tenkje seg arbeid i regionen Sotra/Øygarden. Studentane hadde god kjennskap til regionen. Ivan O. Moldskred og Frank Karlsen var tilstades for Gode Sirkclar og Vest Næringsråd, for å promoterte det lokale Rekrutteringsprosjektet, som skal auke tilgangen på mellom anna ingeniørar til regionen. Rekrutteringsprosjektet er ein del av Vekstlandet.



### Stor interesse frå turoperatørar

Interessa for Sotra og Øygarden som reise-mål blei vekt hjå nasjonale og internasjonale turoperatørar då Kysteventyret for første gong var til representert på Norwegian Travel Workshop på Røros i slutten av april. Messa er den største i Noreg for nasjonale og internasjonale operatørar, og vert arrangert av Innovasjon Noreg – Vi hadde 16 - 18 møter kvar dag, mellom anna med operatørar i Russland, Taiwan, Holland og Tyskland. Interessa for Sotra og Øygarden var stor, men for lite overnattingstilbod i regionen skapar utfordringar når det gjeld å ta imot større grupper. Bergen har ikkje kapasitet til å ta unna etterspurnaden i sommarsesongen, så fleire overnattingstilbod vil generere meir turisme, meiner prosjektleiar Line Steinsland Mosnes.

## Vil ha Gode Sirkclar med på laget

Kva skal Gode Sirkclar arbeide med dei neste fire åra? Det skal kome fram i ein handlingsplan for regionale satsingar som Styret skal utarbeide og leggje fram for kommunane.

- Det har vore ulike oppfatningar om kva ein vil bruke Gode Sirkclar til. Det vil ein få avklara i ein slik plan, kommenterer dagleg leiar Sigmund Kvernes i Gode Sirkclar.

Avgjerda om å starte prosessen med å utarbeide ein fire-årig handlingsplan for Gode Sirkclar, vart teke på styremøtet måndag denne veka. Planen skal omfatte prioriterte regionale satsingar som Gode Sirkclar skal ha ansvaret for å utvikle, samt ein økonomiplan for å finansiere arbeidet.

Framlegget til handlingsplan skal leggjast fram til politisk behandling i dei tre eigar kommunane Fjell, Sund og Øygarden.

- Eg tolkar dette som eit tydeleg signal på at styret ønskjer at Gode Sirkclar framleis skal vere eit verktøy som kommunane vil bruke for å fremje regionale satsingar, og for å sikre kunnskapsbasert utvikling. Det gjeld ikkje berre næringsutvikling, men òg samarbeidstiltak retta mot offentleg forvaltning, seier Kvernes.

- Det er viktig at eigarane er med i denne prioriteringsprosessen, legg dagleg leiar til.

### Marin næring samla i VNR

Kjartan Sandnes i Biomega er nyvald styreleiar i Marint Industrinettverk Vest, tidlegare Sotra Marine Industrinettverk (SMI). På generalforsamlinga 23. mai, vart det vedteke at nettverket som vart etablert i regi av Gode Sirkclar, no skal inngå som ei eiga bransjegruppe under VNR-paraplyen. Maringruppen VNR skal bestå av tre styremedlemer, og observatørar frå Vest Næringsråd, Gode Sirkclar og Sund kommune.

#### Styret Maringruppen VNR:

- Styreleiar Kjartan Sandnes, Biomega, 2 år
- Styremedlem: Svein Georg Forland, Sotra Fiskeindustri, 1 år
- Styremedlem: Øyvind Blom, Blom Fiskeoppdrett, 1 år
- Vara: Ingrid Lundamo, Marine Harvest, 1 år
- Vara: Nils Arve Eidsheim, Sjøtroll, 1 år
- Vara: Per William Lie, Liegruppen, 1 år